

	Innkalling og mottak til pasientkontakt med fysisk oppmøte under koronavirus-epidemien		Dokument-id: D24948		
			Retningslinje		
Beredskapsplan Planar på Føretaksnivå Delplanar	Utarbeidd av Arb.gruppe smittevern/fagdirektør Trine H. Vingsnes		Godkjent av Adm. direktør Arve Varden		Rev. innan 21.04.2022
					Verisjon 1.03
				Gyldig frå 21.04.2020	EK-ansvarleg Vingsnes, Trine Hunskaar

Innhold

1	Føremål og omfang	1
2	Ansvar	1
3	Framgangsmåte	2
3.1	Seleksjon	2
3.2	Innkalling til pasientkontakt med fysisk oppmøte	2
3.3	Pre-screening	2
3.4	Vidare handtering ut frå resultat ved pre-screening	3
3.5	Generelle smitteverntiltak for pasientar utan påvist risiko for covid-19 smitte	4
3.6	Pasient med mistenkt eller påvist covid-19	4
4	Referansar	5

1 Føremål og omfang

Gradvis opptrapping og normalisering av drift i sjukehuset samstundes som ein sikrar godt smittevern og reduserer smittespreiing. Prosedyren bygger på tilrådingar frå FHI:

[Smittevern faglig forsvarlig drift i helsevirksomheter med én-til-én kontakt \(covid-19\) - Nasjonal veileder FHI - Tiltak i spesialisthelsetjenesten \(covid-19\)](#)

Retningslinja gjeld for alt helsepersonell som førebur, kallar inn og/eller tek imot pasientar til fysisk oppmøte.

Retningslinja gjeld for pasientar innan somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling som skal til pasientkontakt med fysisk oppmøte.

2 Ansvar

Aktuelle leiarar:

- Gjere retningslinja kjent og sørge for at helsepersonell kan gjennomføre denne.
- Sørge for at merkantilt personell, som er i kontakt med pasientane, løpande kan konsultere ansvarleg lege eller psykolog for faglege vurderingar.
- Fordele ansvar og oppgåver etter behov.

Ansvarleg lege/psykolog:

- Vurdere om konsultasjon kan gjennomførast per telefon eller video, eller om planlagt pasientkontakt må skje ved fysisk oppmøte.
- Dersom det ikkje er smittevernmessig forsvarleg å gjennomføre pasientkontakt ved fysisk oppmøte, vurderer ansvarleg lege/psykolog om kontakten kan gjennomførast per telefon eller video, eventuelt med seinare oppfølging ved fysisk oppmøte.

3 Framgangsmåte

3.1 Seleksjon

1. Alle pasientkontakter som kan utførast per telefon eller video, skal utførast slik. Seleksjon av pasientar til telefon-, videokonsultasjon eller fysisk oppmøte ved lege/psykolog.
2. Fysiske pasientkontakter kan gjennomførast der dette er indisert, med føresetnad at smittevern kan ivareta kast.

3.2 Innkalling til pasientkontakt med fysisk oppmøte

- a) Alle pasientar får automatisk sms ved timetildeling med følgjande tekst :

«Du er tildelt time XX.XX.2020 kl. XX.XX ved XX-poliklinikk, XX-avdelinga. Grunna koronavirus-epidemien kan timen din bli utsett. Dersom timen din vert utsett blir du kontakta på telefon eller brev. Sjå innkallingsbrev eller helsenorge.no for meir informasjon . Vennleg helsing Helse Førde. (Du kan ikkje svare på denne meldinga.)»

- b) Alle pasientar får automatisk sms 5 døgn før planlagt time med følgjande tekst:

«Viktig informasjon til deg som har time i Helse Førde: Har du symptom på luftvegssmitte (hoste, feber, tungpust), eller har du vore i område/nærkontakt med koronasmitte? Kontakt oss via helsenorge.no eller 57 83 04 21 før du kjem til timen, eller om du ikkje kan møte. For meir informasjon sjå helse-forde.no. Vi må avgrense talet besøkande inn i sjukehuset, berre unntaksvis kan pasientar som treng det, ta med seg pårørande. Du bør kome i eigen bil og helst unngå kollektiv transport. Din tildelte time er XX.XX.2020 kl. XX.XX ved XX-poliklinikk, XX-avdelinga. Vennleg helsing Helse Førde (Du kan ikkje svare på denne meldinga.)»

- c) Dersom det er mindre enn 5 døgn mellom timetildeling og planlagt time, får pasientar same sms (sjå over) straks timen er tildelt.

3.3 Pre-screening

- a) Alle pasientar som skal ha pasientkontakt ved fysisk oppmøte skal kontaktast av aktuell poliklinikk før planlagt time, og få spørsmål jmf. pre-screening-skjema, sjå nedanfor. Sekretær gjennomfører og dokumenterer i DIPS.
- b) Inngangskontroll: Ved inngangen spør ein alle pasientar om dei er pre-screena, om resultatet av denne og om ev. endringar, som er tilkome etter at dei gjennomgjekk pre-screeningen. Dersom pasientar møter utan å vere pre-screena, eller der har tilkome endring (symptom eller smitterisiko), må ny screening gjerast før dei slepp inn på sjukehuset. Dersom «ja» på eitt eller fleire spørsmål, kontaktast ekspedisjonen i aktuell avdeling. Før avklaring av status kan ikkje pasienten sleppe inn. Sjå [Flytskjema - mottak av pasient ved resepsjon i institusjon - sikre kontroll og screening for Covid-19](#)
- c) Pre-screening av ev. følgje: Pasienten sine pårørande kan som hovudregel ikkje følgje med til konsultasjon under koronavirus-epidemien. Unntak for barn under 18 år sine foreldre/føresette, eller pårørande/hjelpepersonale, dersom er strengt nødvendig for å kunne gjennomføre konsultasjonen (t.d. funksjonshemming). Dersom pårørande/hjelpepersonale skal følgje med, må vedkomande også svare på spørsmål i pre-screening-skjema.

22.04.20 Prescreening korona

Kirurgisk avdeling v/ Charlotte Skuggen

	JA	NEI
Har du fått påvist koronavirusmitte (covid 19) eller venter du på prøvesvar?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har du vore i nærkontakt med person med koronavirusmitte (covid 19) siste 2 veker?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har du vore i utlandet siste 2 veker?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har du hatt eit eller fleire av symptoma nedanfor nyoppstått siste 2 veker?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Feber		
<input type="checkbox"/> Hoste		
<input type="checkbox"/> Tung pust		
<input type="checkbox"/> Hovudverk med samtidig sjukdomsfølelse eller slappheit*		
<input type="checkbox"/> Nedsatt lukte-og/eller smakssans*		
<input type="checkbox"/> Muskelverk*		
<input type="checkbox"/> Sår hals*		
<input type="checkbox"/> Rennande/tett nase eller nysing (forkjølelssymptom)*		
<input type="checkbox"/> Smerte i øvre del av magen, kvalme, oppkast eller diare*		

*Slike symptom som er av kort varigheit (<1 døgn) og meir enn 3 dagar tilbake i tid vektleggjast ikkje. Det same gjeld forverring av kroniske symptom. Ved tvilstilfelle kontaktes ansvarleg lege, f.eks hvis pasienten har feber med ein klar årsak som ikkje har med covid-19 å gjere.

Type transport:
Følge

 Ja Nei

 Ved ja - Følge er kontakta og prescreenet

3.4 Vidare handtering ut frå resultat ved pre-screening

- a) Ved «nei» på alle spørsmål, kan fysisk oppmøte gjennomførast jmf. punkt 3.5.
- b) Ved eitt eller fleire «ja», ber sekretær pasienten om å avvente vidare beskjed. Sekretær sender skjema og tek kontakt med lege/psykolog, som gjer ei medisinskfagleg vurdering og fastset vidare plan:
 - a. Ingen symptom, men eksponert/mogleg eksponert: Utsetje planlagd oppmøte til karantenetid er over dersom forsvarleg.
 - b. Symptom på covid-19: Utsetje planlagd oppmøte dersom forsvarleg. Be pasienten kontakte fastlege/legevakt mtp. covid-19.
 - c. Ved indikasjon for pasientkontakt ved fysisk oppmøte trass mistenkt eller stadfesta covid-19, skal ein følgje eige flytskjema for covid-19, sjå punkt 3.6.

3.5 Generelle smitteverntiltak for pasientar utan påvist risiko for covid-19 smitte

Dersom pasienten svarar nei på alle spørsmåla i pre-screening-skjema, skal pasientkontakten gjennomførast som planlagt.

- 1 Pasient skal gjennomføre handhygiene når han kjem inn i sjukehuset og når behandling/konsultasjon er ferdig.
- 2 Få pasientar med minst 2 meters avstand i venterom. For å unngå for mange pasientar samstundes, må pasientar oppfordrast til ikkje å kome før oppsett time.
- 3 Legge til rette for at så få personar som mogleg oppheld seg i venteområdet samstundes. Planlegg for tid/pausar mellom kvar pasient, slik at færrest mogleg pasientar treng å vere i venterom.
- 4 Behandlar bør under konsultasjonen ha god handhygiene og halde avstand til pasient, så langt det let seg gjere.
- 5 Bruk av verneutstyr i kontakt med pasient, som ikkje har mistenkt eller bekrefta Covid-19, skjer etter vanlege basale rutinar i sjukehuset.
- 6 Kontaktpunkt og overflater i behandlingsrom, som pasienten har berørt, og overflater brukt i konsultasjonen vaskast/desinfiserast etter vanleg prosedyre.

3.6 Pasient med mistenkt eller påvist covid-19

Pasient med mistenkt eller påvist covid -19 følgjer [Flytskjema ved melding om pasient med Covid-19 mistanke](#).

For pasientar som er utan symptom på covid-19, men er eksponert/hatt nærkontakt med covid-19-positiv eller har vore i utlandet siste 2 vekene, og er i karantene eller er positiv for covid-19, gjeld følgjande:

A) Mottak korona-poliklinikk

FSS: Brakke utanfor akuttmottak. NSH: Hybelhus vest. LSH: Telt ved ambulanseinngang (Vest)

- 1) Ta pasienten direkte inn i sona for koronasmitta pasientar utanfor sjukehuset. Pasienten bør vente i eigen bil/koronadrosje fram til han vert henta til konsultasjonen. [Drosjetransport av pasientar med mistanke eller stadfesta Covid-19](#)
- 2) Tilsette møter pasienten utanfor poliklinikken påført munnbind, vernebriller og hanskar. [Dråpesmitte](#).
- 3) Pasienten tek på munnbind og utfører handhygiene.
- 4) Ta pasienten inn på undersøkingsrom og utfør konsultasjon.
- 5) Føl pasienten ut av undersøkingsrom og reingjer deretter pasientrom og desinfiser kontaktpunkt.
- 6) Personell tek av smittevernutstyr og utfører handhygiene etter endt kontakt med pasient.

B) Mottak inne i sjukehuset

Dersom pasienten må takast imot inne på sjukehuset, grunna prosedyrer som ikkje er mogleg å utføre utanfor sjukehuset.

- 1) Vurdér beste inngang i sjukehuset/tilgang til poliklinikk for pasient, med omsyn til å unngå mange møtande mm. Personale møter pasienten iført munnbind, vernebriller og hanskar. [Dråpesmitte](#).
- 2) Pasienten tek på seg munnbind og utfører handhygiene.
- 3) Ta pasienten direkte inn på undersøkingsrom, ikkje la pasienten sitje saman med andre på venterom.
- 4) Utfør konsultasjon.
- 5) Følg pasienten ut av sjukehuset og reingjer pasientrommet og desinfiser kontaktpunkt.
- 6) Personell tek av smittevernutstyr og utfører handhygiene etter endt kontakt med pasienten.

4 Referansar

Interne referansar

KLIN-HYG.03.01-35	Koronavirus (SARS-CoV-2) mistanke, innlegging, mottak og testing
KLIN-HYG.03.02-7	Dråpesmitte
BER-HFD.DEL.02-19	Flytskjema ved melding om pasient med Covid-19 mistanke
BER-HFD.DEL.02-20	Flytskjema ved hjerneslag der det er mistanke om eller påvist Covid 19
BER-HFD.DEL.02-21	Flytskjema - mottak av pasient ved resepsjon i institusjon - sikre kontroll og screening for Covid-19
BER-HFD.DEL.02-22	Flytskjema for tilgangskontroll til institusjonane
BER-HFD.DEL.02-24	Spørsmålsskjema for screening av elektive pasientar
BER-HFD.DEL.02-25	Sjekkliste for poliklinikkar og avdelingar for å sikre smitteverntiltak i samband med innkalling av elektive pasientar og meir normalisering av drift
BER-HFD.DEL.02-26	Drosjetransport av pasientar med mistanke eller stadfesta Covid-19
BER-HFD.DEL.02-27	Tilgangskontroll og sikring av bygningsmasse ved pandemi

Eksterne referansar

[Smittevern faglig forsvarlig drift i helsevirksomheter med én-til-én kontakt \(covid-19\) - Nasjonal veileder FHI - Tiltak i spesialisthelsetjenesten \(covid-19\)](#)